



## Referat frå elevråd 07.11.2023

### Desse møte:

- 2.: Vilja
  3. Leonard, Varg
  4. Annabella, Morten Andre
  5. Victoria, Adelen
  6. Ella, Oskar
  7. Alexandra, Vicoria
- Linda

### Saksliste:

#### Skulemiljø

- Korleis er det i friminutta?
  - Ser de elevar som har det vanskeleg?
  - Ser de vaksne som kan hjelpe?
  - Hjelpesona: Kva tykkjer de om den?
  - Organisert leik i storefri: Kva tykkjer de om den organiserte leiken?
  - Er det noko særskilt vi treng å betre med skulemiljøet vårt?
- 
- Elevane fortel om fine friminutt, men ser noko krangling og slossing. Dei meiner at alt slikt bør slutte. Dei har sett at nokon leiker skubbeleik borte ved zip line. Dei vaksne må passe betre på.
  - Elevane ser ingen elevar som går åleine i friminutta.
  - Veldig mange veit ikkje om den organiserte leiken i friminutta. Her må det informerast betre i klassane. Fint om det kan kome opp plakatar som viser kven som har leiken, kor leiken skal føregå og kva leik det er. Det er ynskje om slåball, kanonball, capture the flag og bomgøymse.
  - Hjelpesona er veldig fin og elevane skulle ynskje den kunne vere open i alle friminutt.
  - Elevane tykkjer det er bra med miljørettleiar Malin! Dei ynskjer at ho er meir synleg i alle klassane.

#### Elevmedverknad

- Får elevane vere med å bestemme på skulen?
  - Kva får de bestemme?
  - Kva vil de bestemme?
- 
- Elevane meiner at dei får vere med å bestemme ganske mykje: klassereglar, belønning, korleis vi jobbar, kor vi skal vere på uteskule, kor vi skal vere i friminutta, elevrådet, grupper i leiketimane, aktivitetar i gymtimane.



- Dei vil likevel vere med på å bestemme tema for leiketimane og føreslår desse aktivitetane: Digitale oppgåver/spel, matlaging, måling og teikning (formingsaktivitetar).
- Dei ynskjer også å bestemme kva aktivitet dei skal gjere etter at dei er ferdige med oppgåver (pauseaktivitet).

**Evt.**

- Elevane seier at el-sparkeyklar blokkerer for dei andre syklane i skuret. Elevane må passe på å setje el-sparkeyklane sine i eine enden.
- Elevrådet vil ha ein konkurranse i desember om kva klasse som har det best pynta læringsarealet. Victoria og Alexandra lager plakater for å informere om konkurransen.

Linda Selheim (referent).